


Arbeidsmarkedet nå – April 2006

 **Aetat Arbeidsdirektoratet, Analyse, utarbeider statistikk, analyser av utviklingen på arbeidsmarkedet og evalueringer av arbeidsmarkedspolitikken. Notatet "Arbeidsmarkedet nå" offentliggjøres månedlig.**


4. mai 2006. Notatet er skrive av Jorunn Furuberg, jorunn.furuberg@aetat.no

Nedgangen i arbeidsløysa held fram

Talet på registrerte arbeidslause gjekk ned med 1.400 personar frå utgangen av mars til utgangen av april, når vi tek omsyn til vanlege sesongsvingingar. Det har også vore ein reduksjon i talet på tiltaksdeltakarar i april, sesongkorrigert var nedgangen i summen av tiltaksdeltakarar og registrerte arbeidslause 2.700 personar. Samstundes som nedgangen i arbeidsløysa held fram, er det stadig færre nye arbeidssøkjarar som melder seg til Aetat. Dette, saman med mange utlyste ledige stillingar, indikerer at arbeidsløysa vil halda fram med å gå ned i månadene framover.

Ved utgangen av april var det registrert 66.600 (2,8 %) heilt arbeidslause ved Aetat, ein nedgang på 18.200 (21 %) i høve til april i fjor. Det var også ein reduksjon i talet på ordinære tiltaksdeltakarar med 7.500 (-39 %) i same periode.


Figur 1. Utviklinga i talet på registrerte arbeidslause og summen av registrerte arbeidslause og deltakarar på ordinære tiltak. Januar 1998 – april 2006. Sesongjusterte tal.



Færre nye arbeidssøklarar melder seg til Aetat

Trenden med nedgang i talet på nye arbeidssøklarar som melder seg til Aetat held fram, og er no på det lågaste nivået i løpet av dei åra vi har data for, frå og med 1999.


Figur 2. Tilgangen av ordinære arbeidssøklarar per yrkedag. Behaldning registrerte heilt arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar. Sesongjusterte tal. Januar 2001 – april 2006.



Mange ledige stillingar

Talet på ledige stillingar utlyst i media held seg på eit høgt nivå, sesongjusterte tal viser ein liten auke frå førre månad. Samanlikna med april i fjor har Aetat i alt registrert 39 prosent fleire ledige stillingar i løpet av april i år. Det er ein auke i talet på ledige stillingar innafor dei fleste yrkesgrupper, auken er størst innafor ingeniør- og IKT fag (88 %) og industriarbeid (66 %).

Figur 3. Tilgang ledige stillingar utlyst i media. Januar 2000 –april 2006. Sesongjusterte tal.



Den økonomiske utviklinga internasjonalt

I USA og i Euro- området var det ein nedgang i veksten i løpet av siste kvartal 2005. I løpet av 1.kvartal 2006 har det vore vekst i USA, og denne veksten har forsterka seg i løpet av siste månaden. Indeksar for industrien, tal for privat inntekt, privat konsum og bustadinvesteringar var høgare enn venta i april.

I India og Kina er det sterk vekst i økonomien. I Euro- området viser forventningsindeksar at næringslivet har tru på vekst. Euro-området, og særleg Tyskland opplevde ei svak økonomisk utvikling mot slutten av 2005 med låg konsumvekst og nedgang i eksportveksten. Investeringane i næringslivet auka likevel, noko som gir signal om at veksten kan ta seg opp igjen. I Danmark og Sverige er det vekst i økonomien.

Oljeprisen har auka kraftig dei siste månadene. Dersom veksten i oljeprisane varer ved utover i 2006, kan dette dempa vesten internasjonalt.

Utviklinga i norsk økonomi og på arbeidsmarknaden.

Norsk økonomi har sidan 2. kvartal 2003 vore inne i ein oppgangskonjunktur med vekst over trendvekst. Oppgangskonjunktoren har vore driven av låge renter med auka privat konsum og eit høgt nivå på oljeinvesteringane. Veksten i norsk økonomi er breitt basert med vekst i store deler av økonomien. Høgt nivå på oljeinvesteringane og auke i eksporten av tradisjonelle varer og tenester, særleg verkstadsprodukt, har gitt vekst i industriproduksjonen det siste året. Vekst i investeringar, mellom anna i bustadbygging, har gitt høg vekst i bygge- og anleggsektoren, medan høg auke i privat forbruk har ført til auka aktivitet innan handel og tenesteyting. Investeringane vaks sterkt gjennom 2005. Varekonsumet har auka dei siste månadene, medan tal frå SSB over igangsette nye bygg kan tyda på at det vil koma ei utflating i veksten i byggjesektoren. Dersom dette er ei utvikling som held fram, kan det etter kvart fall føra til ein nedgang i

etterspurnaden etter arbeidskraft innan bygg- og anlegg. Førre er det ingen signal i arbeidsmarknaden som tyder på ein nedgang i etterspurnaden etter arbeidskraft innan bygg- og anlegg. I følgje statistikk frå SSB rapporterer verksemdene at dei reknar med høge investeringar i oljeretta verksemd også i 2006, noko som gir signal om at etterspørselen etter arbeidskraft til dei oljeretta delane av industrien vil halda seg høg framover.

Dei siste månadane har krona styrka seg kraftig. Dersom kronekursen held seg høg over tid, vil det kunna få negative innverknader på eksporten av norske varer og tenester.

På arbeidsmarknaden har den økonomiske utviklinga gitt seg utslag i auka etterspurnad etter arbeidskraft og nedgang i arbeidsløysa. Alle yrkesgrupper har opplevd ein nedgang i arbeidsløysa, men nedgangen er sterkast innan dei konjunkturutsette yrka som industriarbeid, bygg og anleggsarbeid og ingeniør- og ikt yrke.

Nedgang i arbeidsløysa innafor alle yrkesgrupper

Industriarbeid:

Samanlikna med april i fjor har arbeidsløysa gått mest ned blant dei som har bakgrunn frå industriarbeid (-31 %). Arbeidsløysa går ned innafor dei fleste industriyrka. I yrkesgruppa støyparar, sveisarar og platearbeidarar er det no 67 prosent færre arbeidslause enn ved utgangen av april i fjor. Samstundes har talet på ledige stillingar auka med 170 prosent i denne yrkesgruppa. Også blant automatikarar og elektriske montørar (-39 %) og mekanikarar (-32 %) går arbeidsløysa monaleg ned samstundes som talet på ledige stillingar aukar kraftig. Denne utviklinga må sjåast i samheng med høge oljeinvesteringar og oppgangen i verftsindustrien.

Bygg og anlegg:

Innan bygg- og anleggsyrka går arbeidsløysa ned med 30 prosent i høve til april i fjor. Nedgangen er størst blant røyrlleggjarar (-66 %) og elektrikarar (-59 %).

Ingeniør- og IKT fag:


Mange i denne arbeidsgruppa arbeider i industri- og bygg- og anleggssektoren, utviklinga i arbeidsløysa innan ingeniør – og IKT fag heng difor saman med utviklinga i desse næringane. Arbeidsløysa går mest ned blant ingeniørar og teknikarar (-32 %) og innan IKT- yrke (-31 %).

Også i yrkesgruppene leiarar, meklarar og konsulentar samt kontorarbeid er det no ein monaleg nedgang i arbeidsløysa.

Arbeidsløysa går minst ned i yrkesgrupper som er vanlege i offentleg sektor, som barne- og ungdomsarbeid, helse, pleie og omsorg og undervisning.

Barne- og ungdomsarbeid har lågast nedgang i arbeidsløysa (11 %) i høve til april i fjor. Samstundes har talet på ledige stillingar auka med 53 prosent.

Figur 4. Prosentvis endring i talet på registrerte arbeidslause etter yrkesbakgrunn. April 2005 – april 2006.




Nedgang i arbeidsløysa i alle fylke

Ved utgangen av april er det færrest arbeidslause i Rogaland (2,0%) og Oppland (2,1%). I Finnmark (4,9 %), Oslo (3,5%) og Nordland (3,5%) er det flest arbeidslause.

Arbeidsløysa har gått mest ned i fylke som har høg sysselsetting innafør oljerelatert industriverksemd som Rogaland, Møre og Romsdal og Nord-Trøndelag, men også i Oslo går arbeidsløysa kraftig ned samanlikna med tal for april i fjor.


Figur 5. Prosentvis endring i talet på registrerte ledige fordelt på fylke. April 2005 – april 2006.



Nedgang i arbeidsløysa i alle aldersgrupper

Samanlikna med april i fjor er det 25 prosent færre arbeidslause menn og 17 prosent færre arbeidslause kvinner. Arbeidsløysa går ned blant begge kjønn i alle aldersgrupper, blant menn mest i alderen 25 – 29 år (-31 %) og blant kvinner mest i alderen 20 – 24 år (-20 %) og 30 – 39 år (-20 %).


Figur 6. Prosentvis endring i talet på registrerte arbeidslause etter kjønn og alder, april 2005 –april 2006.



Lågast nedgang i arbeidsløysa blant innvandrarar

Også blant innvandrarane¹ går arbeidsløysa ned, men ikkje så mykje som blant personar utan innvandrarbakgrunn. Nedgangen i arbeidsløysa er lågast blant kvinner med bakgrunn frå land utafor OECD, der arbeidsløysa gjekk ned med 7 prosent frå april i fjor til april i år. Størst nedgang i arbeidsløysa var det blant menn utan innvandrarbakgrunn (- 26 %)

Figur 7. Prosentvis endring i registrert arbeidsløysa frå april 2005 til april 2006 etter fødeland og kjønn.



¹ I Aetat sine register er innvandrar definert som personar som er født utafor Noreg.



Spesielle tilhøve knytt til månadsoppdateringa

Det er ingen spesielle tilhøve knytt til månadsoppdateringa denne gongen.

Frå mars 2006 innførte Aetat ei ny yrkesgruppering. Ei nærare utgreiing om dette er å finna i "Arbeidsmarkedet nå" for mars 2006.

Figurvedlegg:

Figur 8 og 9. Utviklinga i talet på heilt arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar innafor yrkesgrupper (yrkesbakgrunn). Januar 2004 –april 2006. Januar 2004 = 100.



Figur 10. Utvikling i summen av registrerte arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar i regionar. Januar 2004 – april 2006. Januar 2004 = 100.

